

# Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)  
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

---

## **KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)**

### **VIII. INNSKRIFTER UTAN SPRÅKLEG MEINING.**

[**871**] N-58743. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 50; 1990b: [43].)

Innskrifta stå på eit lite skeiforma trefragment, 62 mm langt, 6-17 mm breitt og 3-6 mm tjukt. Funnet vart gjort i 1978, felt FT, hovudfase 8. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast til ein periode som ligg mellom første og fjerde kvartal av 1200-talet.

Det er runer på ei side av 'bladet' på denne skeiliknande gjenstanden. Innskrifta er berre 7 mm lang og største runehøgde 18 mm. Gjenstanden er godt bevart og det er ingen problem med å lesa dei to runene:

' ǀ

**s n**

Om dette er ei avstytting, merking eller noko anna, kan ikkje avgjerast. Det er ikkje særleg rom for fleire runer av same storleik, så innskrifta kan òg vanskeleg seiast å vera noko påbyrja som ikkje er fullført.